

Varsel om dokumentkontroll etter søknad om produksjonstilskot i jordbruket 2019 for føretaket 985369119 Roger Hartveit

Arkivref:19/2721

Lindås kommune v/landbrukskontoret viser til føretaket 985369119 sin søknad om produksjonstilskot i jordbruket for 2019.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2018-31, punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll. Då bed me om at de sender inn kopi av naudsynte dokument til kommunen for kontroll.

Kontrollen vil omhandla:

- Utgifter til avløyising per 15.10.2019, (dokument må ha stempel frå rekneskapskontor eller ha bankutskrift på at betaling er utført)

Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø eller på epost til postmottak@lindas.kommune.no innan fredag 30.November 2019.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslina. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna.

Med helsing

Øystein H. Kolstad
Rådgjevar Landbruk